



Foto: Eivind Widerøe Skifjeld

## Gjestgjevargarden

5593 Skånevik

e-post: [gjest5593@yahoo.com](mailto:gjest5593@yahoo.com)

mobil: 91 007 299

### Open kafe og museum

Mandagar 11–13 medio aug-medio juni  
Fredagar 11–14 heile året  
Laurdagar 11 –14 heile året

### Minikonsert

Laurdagar 12.00  
frå ca 20 juni  
sjå oppslag

### Utleige

Ein kan leige huset for privat tilstelning

# Velkommen inn!

### Gjestgjevargarden frå 1648 – til våre dagar

**1648** gjekk der bod frå kong Christian IV; “På hver tredie Mile” skulle det vera ein bevertnings-/overnattingsstad, anten til “.. Lands eller Vands”.

**1730** kan ein dokumentere at den fyrste gjestgjevar, Nils Jacobsen Schancke, var på plass i Skånevik. Staden var om lag den same, men ikkje huset. Kven som bygde det og kva tid, veit ein ikkje sikkert.

I **1785** heitte gjestgjevaren Morten Rosendahl. Bit av ein vakker tapet frå denne tida er tatt vare på. I dag har eine stova tapet som er kopi av denne.

I **1818** var Lars Christophersen Tunesvik gjestgjevar og handelsmann. **Med utgangspunkt i ein takstforretning for ”Handels- og gjestgiverstaden Skoenevigsøen” juli 1830 er det truleg at huset, slik der står i dag, vart bygd i 1820.** I alt var der 8 bygningar i området. Blant desse den bygninga som opphavelg var “...gjestgiveriet , en liten rødmalt bygning”.

I **1891** overtok landhandlar J. Larsen og dreiv Larsens Pensjonat til 1902.

I **1908** starta Chr. Bjelland & Co. A/S sardinfabrikk i Skånevik. Bedrifta kjøpte eiegenomen av Larsen og pensjonatet vart nytta som hybelhus, ”Tippehuset” på folkemunne, då dei fleste tilsette var kvinner. Som åra gjekk vart det ikkje lengre behov for hybelhuset, og det vart ståande tomt.

På **1970**-talet skulle vegen gjerast breiare og ”Tippehuset” måtte rivast eller flyttast. Mange idear og forslag kom fram. Resultatet vart at huset skulle vernast og flyttast 5 m lengre sør.

I **1979** vart ein bevaringskomite vald, ”Stiftelsen Gjestgjevargarden”. Fabrikksjef ved fabrikk, Gudolv Bech-Hanssen, vart vald som styreformann. Norway Foods, som tok over etter Chr. Bjelland, gav huset vederlagsfritt til stiftelsen. Med støtte frå bygdefolk, kommune, fylkeskommune og statlege instansar vart flytting og total renovering gjennomført fram mot 1989.

Huset vert drive på dugnad. Dersom du ynskjer, kan du støtte oss med dugnadsarbeid, grasrotandel eller andre gåver.

Konto 3520 5509621.